

RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 05.03.2019
Vår ref.: 2018/13326-33
Saksbehandlar: ashknar
Dykkar ref.:

Att. Anne Elisabeth Waage

Fordeling av midlar frå Bokåret 2019

Hordaland fylkeskommune har fått ei løyving på kr. 800.000 frå Nasjonalbiblioteket for å markere Bokåret 2019 i Hordaland fylke. Eit av måla med markeringa er at kvar bibliotekavdeling (hovudbibliotek, filial og bokbusstopp) skal ha eit litterært arrangement i løpet av 2019.

Av denne potten har vi budsjettert med kr. 535.000 til turnear som fylkesbiblioteket organiserer og deler mellom biblioteka i fylket, utanom Bergen.

Dei resterande midlane vert delt mellom biblioteka etter ein fordelingsnøkkel basert på kor mange bibliotekavdelingar som finst i den enkelte kommune.

For kvart hovudbibliotek vert det betalt ut kroner 7.500 og for kvar filial kroner 1.500.

Radøy kommune har 1 hovudbibliotek.

Samla utbetaling vert på kroner 7.500.-

Midlane må brukast i tråd med intensjonane bak Bokåret og i tråd med føremålet i Hordaland. Ein må rekne med å bruke noko av tildelinga til eigenandel knytt til turnear som blir sendt ut frå fylkesbiblioteket.

Vi ber om at biblioteket stadfester at midlane skal nyttast til føremålet og sender oss informasjon om korleis dei skal utbetalast innan 15.mars.

Ruth Ørnholt
fylkesbiblioteksjef

Sigrid Furnes
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.